

## Kommentar frå grunneigarar

Krossdalselva og Dravladalsfossen hadde vorte tildelt ei betydeleg restvassføring, dersom vassdragsutbygginga i fjellet hadde blitt gjennomført i dag. NVE må ta på alvor dagens miljøkrav i vilkårsrevisjonen. Krossdalselva og Dravladalsfossen var betydelege landskapelement før Statkraft sin utbygging i 1970-åra. Dravladalsfossen var ei stor oppleving på turen til Folgefonna og Dravladal. Og fiske i Tjødnane nedanfor fossen var svært bra.

Fonnavegen frå fjord til fonn er i seg sjølv også eit svært viktig reiselivsprodukt. Vassføring i Dravladalsfossen og auka vassføring i heile elveløpet ned til fjorden hadde gjort opplevinga av vegen og naturen her mykje større for dei tusenvis av besøkjande som legg vegen til Jondal kvart år.

Som ein av grunneigarane i områda ved Dravladalsfossen/Krossdalselva vil vi fremja følgjande krav i revisjonssaka:

1. Vassføring i Dravladalsfossen og i elveløpet ned til fjorden må sikrast. Vassføringa gitt frå Dravladal og Skarvabotn må leggast til den eksisterande vassføringa forbi dei to Småkraftverka langs Krossdalselva til fjorden, den vassmengda må for all del ikkje desse småkraftverka få i sin produksjon. Vassføringa frå Dravladal må også gå utanom Eidesfossen kraftverk. Eidesfossen var ein mektig foss, som i dag er heilt tørrlagd. Grus og steinmassar som ligg att frå utbygginga mellom Dravladalsfossen og Tjødnane må fjernast. Skadar utbygginga har påført elveløpet her og særleg innløpet/osen i Inste Tjødna må utbetrast slik at deler av det gode fiske i Tjødnane kan restaurerast.
2. Vassføring i Herandsvassdraget/Storelvi frå Kvanngrovatnet og ned til fjorden må sikrast. Samla frigitt vatn må tilleggast minstevassføring forbi Herand kraftverk.
3. Vassføring frå Skarvabotn. Alt frigitt vatn må leggast til minstevassføring i Brattabøelva.
4. For å oppfylle FN naturavtale sitt mål 30% vern natur og 30% restaurert natur innan 2030, må NVE finna område i det berørte landskapet i Maurangervassdraga som kan bidra til dette. Ny revidert konsesjon må tydeleg avspegle FN-avtale sine mål.

Det kan og opplysast om at Skisenteret Fonna Ski Resort v/ dagleg leiar Stig Mjelde, Folgefonna  
Breførrarlag v/ dagleg leiar Åsmund Bakke, og Naturvernforbundet Hardanger v/ leiar Klaus Rasmussen har alle stilt seg bak omlag tilsvarende krav tidlegare i prosessen.

Krossdalen, 30. juni 2023

Ståle Brattebø og Guttorm Brattebø

Eigarar av 318/3 i Ullensvang